



Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon møte om Kompetanseløftet 2020

Tid: 4.februar 2016
Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde

Vi viser til St.meld.nr.29 - Morgondagens omsorg og Omsorg 2020 som presiserer kor viktig det er med ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste med riktig kompetanse. For å sikre dette vil regjeringa lage ein plan for kompetanseheving gjennom Kompetanseløftet 2020.

Det blei etablert eit nasjonalt kompetanse- og innovasjonstilskot for kommunane frå 2015. Føremålet med dette tilskotet er å forenkle tilskotsforvaltninga, samstundes gjere tilskota meir oversiktlege, robuste og fleksible i tråd med kommunane sine behov. På møtet vil vi ha erfaringsdeling og diskusjon om dette.

Kommunane har kvart år i planperioden rapportert om resultat- og plantal for utdanning av tilsette i omsorgssektoren via fylkesmannen til Helsedirektoratet innan 1. februar. Dato for rapportering i 2016 er ikkje klar enno.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015 (sjå vedlagt liste). Dette er praktisk av omsyn til søknadsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen. Vi ber om at kommunen gjev melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

Vi inviterer difor kontaktpersonen og ein person til frå kvar kommune, til møte den 4.februar.

Møtet vil vare frå kl. 10.00 til 15.00 og det blir servert lunsj.
Påmelding innan 22. januar 2016 på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Marit Hovde Syltebø
ass.direktør

Greta Irene Hanset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program



Program for møte om Kompetanseløftet 2020 4. februar 2016

09.30 - 10.00	Registrering
10.00-10.10	Velkommen <i>Greta I. Hanset, seniorrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal</i>
10.10-10.30	Erfaringar med Kompetanseløftet 2015 og det nye Kompetanse- og innovasjonstilskotet <i>Kommune</i>
10.30 – 11.00	Dialog /diskusjon om det nye Kompetanse- og innovasjonstilskotet <i>Greta I. Hanset, seniorrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal</i>
11.00-11.15	Pause
11.15-12.00	Status og evaluering Kompetanseløftet 2015 samt erfaringar med Kompetanse- og innovasjonstilskotet <i>Greta Irene Hanset, seniorrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal</i>
12.00-13.00	Lunsj
13.00- 14.00	Høgskulane har ordet - om utdanning til arbeid i omsorgstenestane - Høgskulen i Volda - Høgskulen i Molde, <i>Avdeling for Helse- og sosialfag</i> - Høgskulen i Ålesund, <i>Avdeling for helsefag</i>
14.00-14.15	Pause
14.15-14.35	Desentralisert deltidsutdanning i sjukepleie, eit pilotprosjekt mellom Høgskulen i Molde og Sunndal kommune <i>Britt Iren Bæverfjord, rådgivar, Sunndal kommune</i>
14.35-14.55	Læringsnettverk med tema velferdsteknologi og tenestedesign. Velferdsteknologiens ABC – pilotprosjekt <i>Brit Krøvel, Utviklingssenter for heimetenesta, Ålesund kommune</i> <i>Inger Lise Lervik, Utviklingssenter for sjukeheim, Kristiansund kommune</i>
14.55-15.00	Vel heim! 